

Stat – kyrkje – spørsmålet – om arbeids- og avstemningsmetoden.

Hornindal sokneråd sette i møte 17.10.06 ned eit raskt arbeidande ad-hoc utval på fem personar der sokneprest, ein person frå soknerådet og tre frå kyrkjelyden var representert. Dei hadde to møte, der soknerådsrepresentanten ikkje hadde høve til å møte.

Mandat for ad-hoc utvalet var å førebu ein uttale frå Hornindal sokneråd om tilhøvet mellom stat og kyrkje. Utvalet skulle gje sine synspunkt til kjenne i spørsmåla soknerådet skulle svare på og grunngje desse. Tidsfrist : 31.10.06.

I møte 01.11.06 gjorde soknerådet vedtak om at ettersom soknerådet er ein høyringsinstans der alle synspunkt og meiningar frå kvart enkelt medlem skal kome fram, fekk alle fylle ut spørjeskjemaet heime og levere i lukka konvolutt til kyrkjekontoret innan 06.11.06.

Arbeidsutvalet i soknerådet (leiar, nestleiar, kyrkjeverje og kommunerepresentant) hadde møte 08.11.06, der stemmer med grunngjeving vart åpna og talt opp.

Utkast til endeleg uttale (opptalte røyster og samanfatning av kommentarane) vart endeleg godkjent i Hornindal sokneråd i møte 14.11.06.

dok 588

Kjeller- og Kirkeopp.	
Saksnr. <i>200606109</i>	Date <i>21.11.06</i>
Kode <i>KI-SD1</i>	Beh.....

Hornindal 15.11.06.

E. Aslaug Ommedal
Elsa Aslaug Ommedal
Leiar.

Staten og Den norske kyrkje – Spørsmål til høyringsinstansane

Namn på høyringsinstans : Hornindal sokneråd.

Hornindal sokneråd har 8 faste medlemar. I tillegg har sokneprest stemmerett, totalt 9 personar.

Type høringsinstans

- Kommune
- Sokneråd
- Prost / biskop
- Trus- eller livssynssamfunn utanfor Den norske kyrkje
- Friviljug organisasjon innanfor Den norske kyrkje
- Annan offentleg instans
- Annan privat instans

1. Kva overordna prinsipp bør liggje til grunn for trus- og livssynspolitikken ?

Svar:

Etter Hornindal sokneråd si vurdering bør staten føre ein aktiv støttande religionspolitikk med full religionsfridom i Noreg. Den norske kyrkje bør vere ei open, inkluderande, landsdekkande og likestilt folkekyrkje. Ein bør derfor arbeide med å tilpasse, reformere og utvikle Den norske kyrkje vidare. Staten bør ikkje blande seg inn i lærespørsmål innan det einskilde trus- og livssynssamfunnet. Staten bør leggje tilhøva til rette for at det offentlege sikrar ein basis av økonomisk støtte til dei ulike trus- og livssynssamfunn.

I tillegg vil eit mindretal på ein person i soknerådet at det også skal kvile eit ansvar på det enkelte trus- og livssynssamfunnet for å hente økonomisk støtte til arbeidet sitt blant sine medlemar.

2. Den norske kyrkje som statskyrkje.

- Bør fortsetje. 7 røyster
- Bør avviklast som statskyrkje, men vere ei lovforankra kyrkje. 1 røyst
- Bør avviklast som statskyrkje og vere ei sjølvstendig folkekyrkje.
- Veit ikkje / ynskjer ikkje å svare.

Kommentar:

I person hadde ikkje kryssa av på skjemaet.

Soknerådet fann det rettast å dela punktet om avviklinga som statskyrkje, for å få klårare fram kven som stemmer for modell II og III, jfr. Gjønnestutvalet.

Statskyrkjeordninga er ei ordning som femner om store delar av folket vårt, og er den modellen som fleirtalet i soknerådet meiner best vil sikre at vi får ei open,

inkluderande, landsdekkande og likestilt folkekyrkje i Noreg. Fleirtalet meiner at statskyrkjeordninga er den beste garantien for at kyrkja vil gje rom for fleire teologiske syn og dermed unngår å bli ei "smal" kyrkje hovudsakleg berre for spesielt interesserte. Fleirtalet meiner også at statskyrkjeordninga vil vere den beste garantien for at kyrkja framleis vil vere ein viktig kultur- og tradisjonsberar i landet vårt, uansett grad av tru og tvil hjå den enkelte. I og med at Den norske kyrkja er ei majoritetskyrkje kan den behandlast annleis enn andre trussamfunn utan å kome i strid med antidiskrimineringsbestemmelsane i menneskerettane.

Mindretalet meiner at ei endring av relasjonen mellom kyrkje og stat er naudsynt for å kunne møte dagens og morgondagens krav om ei størst mogleg likestilling mellom ulike trus- og livssynsamfunn. Mindretalet meiner at kyrkja først og fremst er eit trussamfunn med ein åndeleg storleik som ikkje skal hente sitt øvste styre frå eit statleg organ, men frå kyrkja sine eigne organ og valde personar.

3. I kva lov bør Den norske kyrkje vere forankra ?

- | | | |
|-------------------------------------|--|-----------|
| <input checked="" type="checkbox"/> | Grunnlova | 7 røyster |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Eigen kyrkjelov vedteken av Stortinget | 3 røyster |
| <input type="checkbox"/> | Lov om trussamfunn | |
| <input type="checkbox"/> | Veit ikkje / ynskjer ikkje å svare. | |

4. Korleis bør Den norske kyrkje finansierast ?

- | | | |
|-------------------------------------|--|-----------|
| <input type="checkbox"/> | Gjennom medlemsavgift | |
| <input type="checkbox"/> | Medlemsavgift med noko støtte frå det offentlege | |
| <input type="checkbox"/> | Støtte frå den offentlege og med noko medlemsavgift | |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Offentleg finansiering utan medlemsavgift | 7 røyster |
| <input type="checkbox"/> | Veit ikkje / ynskjer ikkje å svare | |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Gjennom ei felles landsdekkande livssynsavgift for alle norske borgarar samla inn over skattesetelen | 1 røyst |

Kommentar:

1 person hadde ikkje kryssa av på svarskjemaet. I tillegg hadde ein person tilføyd eit ekstra alternativ, rute 6. Fleirtalet meiner at ei medlemsavgift vil svekke folkekyrkja, og kanskje føre til at mange som ikkje har så stort engasjement melder seg ut. Eventuelt at ein del må velje å ikkje vere medlemmar av økonomiske årsaker.

5. Korleis bør valordninga og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga avviklast ?

- | | | |
|-------------------------------------|--|-----------|
| <input checked="" type="checkbox"/> | Valordninga bør vere som i dag | 8 røyster |
| <input checked="" type="checkbox"/> | Auke bruken av direkte val til kyrkja sine besluttande organ | 1 røyst |
| <input type="checkbox"/> | Veit ikkje / ynskjer ikkje å svare | |

Kommentar:

Valordninga bør vere som i dag, men med val annankvart år på same dag som storting- og kommune- / fylkestingsval. Dette for å auke frammøtet monaleg og rå bot med det som er kalla "kyrkja sitt demokratiske underskot". Soknerådsvala bør

skje slik at halvparten av soknerådsmedlemmene blir valde ved annankvart val, noko som vil sikre kontinuiteten i soknerådsarbeidet.

6. Dersom statskyrkjeordninga avviklast, kva bør i så fall stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?

(Her kan du / dykk setje kryss på eitt eller fleire alternativ)

- Ingen tillegg
- Dei politiske prinsipp som statsforvaltninga byggjer på, så som demokrati, rettstaten og menneskerettane **5 røyster**
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget **8 røyster**
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kyrkja er ei evangelisk –luthersk kyrkje
- Veit ikkje / ynskjer ikkje å svare

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga ?

- Den lokale kyrkje (sokneråd eller kyrkjeleg fellelråd) **5 røyster**
- Kommunen **4 røyster**
- Veit ikkje / ynskjer ikkje å svare

Kommentar:

I person hadde tilføyd at han / ho ynskte at kommunen bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga, men med høve til å kunne delegerer til kyrkja. Kyrkja har vist seg som ein god forvaltar av gravferdsforvaltninga, og vil framleis framstå som ein naturleg utøvar av denne oppgåva i dei fleste kommunar. Men med det auka trus- og livssynsmangfald, finn vi det mest naturleg at kommunen har det overordna ansvaret for gravferdsforvaltninga, spesielt i større byar vil vi tru at kommunen vil vere den naturlege ansvarsutøvar av denne oppgåva.

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga ?

- Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret **1 røyst**
- Den lokale kyrkje bør eige kyrkjebygga og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret **8 røyster**
- Kommunen bør eige kyrkjebygga og ha det økonomiske ansvaret
- Veit ikkje / ynskjer ikkje å svare

Kommentar:

Kommunane kan ikkje åleine makte ansvaret der det er store utgifter knytta oppussing og restaurering av kyrkjebygg, spesielt eldre og spesielle kyrkjebygg. Her må staten kome inn og ta eit langt større ansvar for finansieringa enn kva tilfellet er i dag. Med det omfattande arbeidet som kyrkja i dag driv både blant barn, ungdom, vaksne og eldre er det trong for langt meir tenlege lokale enn kva dei tradisjonelle eldre kyrkjene kan tilby. Her er det viktig at kommunane får midlar som kan prioriterast til slike oppgåver. Særleg vil det gjelde lokale til bruk for ungdom, både i kyrkjeleg og anna samanheng.